



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Eidfjord kommune
Møtestad:	Studiesenteret, Sentrumstunet
Dato:	27.11.2020
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorsen, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kjartan Haugsnes møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jostein Hovland
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 6/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 7/20	Godkjenning av protokoll frå møte 24.09.2020	2020/65	
	Politiske saker		
PS 23/20	Milepælsorientering forvaltningsrevisjon Bygging av ny sjukeheim i Eidfjord.	2017/44	
PS 24/20	Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - tinging prosjektplan forvaltningsrevisjon.	2019/122	
PS 25/20	IHR informerer om samanslåing av IHR og Nordhordland revisjon IKS.	2016/43	
PS 26/20	IHR presenterer overordna revisjonsplan 2020	2020/68	
PS 27/20	Eventuelt	2020/69	
	Referatsaker		
RS 10/20	Medlemsinformasjon frå FKT, november 2020	2020/102	
RS 11/20	KMDs svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp	2020/68	

Godkjenningssaker

GK 6/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/65-12
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	7/20	27.11.2020

Godkjenning av protokoll frå møte 24.09.2020

Forslag til vedtak

Protokoll frå møtet 24.09.2020 vert godkjent.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Politiske saker

PS 23/20 Milepælsorientering forvaltningsrevisjon Bygging av ny sjukeheim i Eidfjord.



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2017/44-57
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	23/20	27.11.2020

Milepælsorientering forvaltningsrevisjon Bygging av ny sjukeheim i Eidfjord.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at følgjande problemstilling vert ein del av forvaltningsrevisjonen:

Har kommunen ein arkivplan i tråd med gjeldande regelverk og standard, og i kva grad etterlever byggjeprojektet kommunen sine rutinar for journalføring og arkivering?

2. Informasjon som kom fram i milepælsorienteringa vart teken til orientering.

Samandrag

I heile perioden 2015 -2019 har kontrollutval og revisjon arbeidd med forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord. Kontrollutvalet har i alle sin møte hatt milepælsorienteringar om arbeidet etterkvart som ny sjukeheim har vore under bygging.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har bede revisjonen oppsummere arbeidet so langt og orientere utvalet om når sjølve rapporten kan handsamast i kontrollutval og kommunestyre.

I kontrollutvalet sitt møte 24.09.2020 PS 18/20 vart følgjande protokollert.

Forvaltningsrevisor IHR, Arne Gilbakken orienterte utvalet og var mellom anna innom slike punkt.

- *Det har vore særst utfordrande å få ut dokumentasjon (overtakingsprotokollar) frå kommunen. (januar - september), men er no mottekne.*
- *Avtalar og sluttdokumentasjon er ikkje arkivert i kommunen. Revisjonen «hever eit raudt flagg» på arkiv, og at tilgang til dokumentasjon i framtida ikkje er sikra.*
- *Førebels rekneskap vart av revisor henta ut for to veker sidan. Det er kome inn fakturaer i prosjektet på 207 millionar kroner.*
- *Rekneskap vil verte analyser mot budsjett og revisjonen kan ferdigstillast.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet, jfr kommunelova § 23-2

Vurderingar og verknader

I prosjektet har det ved fleire høve kome fram problemstillingar knytt til arkiv og arkivering i prosjektet. Etter avtale mellom kontrollutvalet og sekretariatet har revisor føreslått å ta inn ein ny problemstilling i prosjektet:

Har kommunen ein arkivplan i tråd med gjeldande regelverk og standard, og i kva grad etterlever byggjeprojektet kommunen sine rutinar for journalføring og arkivering?

Sekretariatet vil tilrå at ei slik problemstilling vert innarbeida i prosjektet.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at informasjon frå revisor vert teken til orientering og at problemstilling knytt til arkiv vert innarbeida i forvaltningsrevisjonsrapporten, jfr. Forslag til vedtak pkt. 1



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/122-16
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	24/20	27.11.2020

**Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 – tinging prosjektplan
forvaltningsrevisjon.**

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. IHR vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan vert sendt sekretariatet innan 10.01.2021

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste forvaltningsrevisjon skal gjennomførast innan.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 ROV analyse plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Eidfjord kommunestyre vedtok i sak 53/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 i møte 16.11.2020. Protokollen frå kommunestyret vert lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 27.11.2020

Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret i sitt møte 24.09.2020 der desse 8 prosjekta var sett opp i prioritert rekkefølge:

Prioritet	Område	Aktuelle tema i forvaltningsrevisjon
1	Teknisk	Kommunen sin rolle i næringsutvikling
2	Barnehage	Måloppnåing i barnehagetenesta
3	Teknisk	Investeringsprosjekt – VA anlegg
4	Sentraladministrasjonen	Etterleving av arkivlov og rutinar
5	Sentraladministrasjonen	IKT-tryggleik
6	Skule	Spesialundervisning
7	Sentraladministrasjonen	Psykososialt arbeidsmiljø
8	Sentraladministrasjonen	Internkontroll

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det er no tid for å bestille ein ny forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet skal for det første velga det nye prosjektet for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. På bakgrunn av at kommunestyret nyleg har vedteke ein ny prioritert plan vil det vera naturleg av utvalet å velga det første prosjektet i planen, «Teknisk, kommunen si rolle i næringsutvikling»

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksle på omtale av prosjekta, slik det kjem fram i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon, og analysedokumentet som ligg til grunn for den. (Vedlegg 1)

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber IHR utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.

Prosjektplanen vert å levere sekretariatet innan 10.01.2021 og vert handsama i kontrollutvalet sitt første møte i 2021.



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgjeving og oppdrag



Eidfjord kommune

Risiko- og vesentlegvurderingar til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023

Oppdrag for kontrollutvalet

IHR rapport nr. 8

2020

Forord

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av kommunen sitt arbeid og resultat innanfor utvalde tema.

Frå kontrollutvalet i Eidfjord kommune har Indre Hordaland Revisjonsdistrikt fått i oppdrag å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering og plan for forvaltningsrevisjon.

Til grunn for arbeidet har revisjonen nytta ulike informasjonskjelder som kommunale plan- og økonomidokument, årsmelding, prosessmøte med administrative og politiske leiarar samt dialog med medarbeidarar i administrasjonen. Prioriterte områder i planen vil byggja på resultata i analysen etter drøftingar med kontrollutvalet.

Vedlagt følgjer analysearbeidet for risiko- og vesentlegvurdering og forslag til tema for forvaltningsrevisjon.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt takker kontrollutvalet for oppdraget. Me vil også takke dei involverte i administrasjonen, kommunestyret og kontrollutvalet i Eidfjord for godt samarbeid.

Arbeidet er utført av Arne Gilbakken, Linda Præstiin og Gudrun Marie Helleve som er tilsette i IHR. Revisor sin uavhengigheit er vurdert.

Voss, 15.05.2020

Arne Gilbakken

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Innhold

1	Innleiing.....	4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Datagrunnlag og analysemetode.....	4
2	Eidfjord kommune	7
2.1	Organisasjon.....	7
2.2	Demografisk utvikling.....	8
2.3	Økonomisk utvikling.....	10
3	Risiko- og vesentlegvurderingar	11
3.1	Sentraladministrasjon	11
3.2	Barnehage	15
3.3	Skule og kultur	18
3.4	Helse, omsorg og sosial	23
3.5	Teknisk	28
4	Gjennomførte forvaltningsrevisjonar og tilsyn	36
5	Oppsummering	37

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet skal sørge for at det vert utarbeidd ein plan og gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette kjem fram av lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 23-3 og § 24-2.

Kontrollutvalet vedtok i møte den 01.10.2019, sak 32/19, at Indre Hordaland Revisjonsdistrikt skulle utarbeida risiko- og vesentlegvurdering av kommunen. Den skal gje kontrollutvalet - og eventuelt kommunestyret - eit overordna verktøy til å velja område innan kommunen si verksemd som det kan vera hensiktsmessig å setja spesielt fokus på, ved å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vedtakast av kommunestyret. Dette inneber at kommunestyret får ein aktiv og sentral rolle innan forvaltningsrevisjon og knyter forvaltningsrevisjonsarbeidet nærmare kontrollorganet. Det kjem fram av lovforarbeida at bakgrunnen for ovanståande bestemmingar er å styrke forvaltningsrevisjonen innan kommunane.

1.2 Datagrunnlag og analysemetode

Me har nytta data frå følgjande kjelder som grunnlag for analysen:

Statistikk

Me har henta inn relevante statistiske data frå KOSTRA for Eidfjord kommune og tilhøyrande kostragruppe og landet utan Oslo. Datagrunnlaget er analysert med tanke på vesentlege avvik og risiko i forhold til kostragruppa. Vesentlege avvik kan vera indikasjonar på at tenesta ikkje er løyst på ein tilfredsstillande måte. Det kan også vera eit uttrykk for ei effektiv organisering og drift eller eit prioritert satsingsområde for kommunen. KOSTRA-tala kan innehalda feil grunna feil i rapportering eller at norske kommunar ikkje har ein felles kontoplan og nyttar ulikt skjønn i fordelinga av t.d. kostnader i enkelte prosjekt og tenester. Ein bør vera varsam med å trekkja endelege konklusjonar på større avvik i datagrunnlaget.

Me har også nytta tal frå www.skoleporten.no, som eit grunnlag for å vurdere resultat frå skuleområdet, samt tal frå www.barnehagefakta.no. Me har også søkt etter informasjon hjå UNG-data og Bufdir.

Prosessmøte

Prosessmøte vart gjennomført med følgjande deltakarar:

- ordførar med politiske gruppeleiarar,
- rådmann med administrative nøkkelpersonar,
- kontrollutvalet og sekretariat

Deltakarane vart inndelt i 4 arbeidsgrupper. Kvar gruppe bestod av 4-5 medlemmar samansett av representantar frå administrasjonen, politiske leiarar og kontrollutvalet. Gruppene gjekk igjennom ein felles mal med omtale og risiko knytt til dei ulike tenestekområda i kommunen.

Formålet var å identifisera områder med potensiale for høg risiko. Det gjaldt både generelle utfordringar kommunen står overfor og særskilde utfordringar innan dei ulike tenesteområde.

Risikoskjemaet som er nytta er i utgangspunktet delt inn i tre risikonivå: låg (L), middels(M) og høg (H). I prosessmøte har fleire av vurderingane vorte gradert låg/middels eller middels/høg. I vår framstilling har me difor valt å nytta den høgaste risikograden dvs. at middels/høg er registrert som høg (H). Det kan i enkelte tilfelle gje eit inntrykk av høgare risiko enn kva svara var meint som. Formålet med «justeringa» er fyrst og fremst og få differensiert risikovurderingane i svara frå informantane når svara viser at risikoen kan vera høgare enn middels. Såleis vil ein betre kunne skilje mellom risikoområder der mange av svara indikerer middels risiko, med dei områda der ei eller to grupper har svart at risikoen er middels/høg.

Me har også registrert at av og til har enkelte grupper ikkje gjeve noko risikovurdering eller kommentar på einskildtema. Revisjonen har tolka dette som at ein ikkje kjenner til noko vesentleg risiko knytt til dette temaet. Me har då sett risikoen til låg. Ei av gruppene fekk ikkje svart på tenesteområdet kultur og delar av området sentraladministrasjonen.

Dokumentanalyse

Me har analysert moglege risiko og vesentlege forhold i kommunen sine overordna styrings- og resultat dokument. Fylgjande dokument har vorte gjennomgått:

- Årsmelding og rekneskap 2018/2019
- Budsjett 2019 og 2020 med tilhøyrande økonomiplan
- Kommuneplan, Samfunnsdel for Eidfjord kommune 2015-2027
- Kommuneplan, Arealplan for Eidfjord kommune
- Kommunal planstrategi 2016-2019
- Arkivplan, 2015
- Digitaliseringsstrategi 2018-2021
- Helse og omsorgsplan 2015-2023
- Ruspolitisk handlingsplan 2016-2020
- Risikoanalyse, Eidfjord kommune 02.10.2017
- Kommunedel plan for idrett/fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020
- Kommunedelplan for energi og klima, 2011-2015
- Kommunedelplan for klima og energi, 2020-2030
- Overordnet beredskapsplan, 2019
- Kriseberedskap for Modnen barnehage, 2020

Kva meiner me med risiko i denne analysen?

Vår analyse tek for seg risiko på eit overordna og generelt grunnlag. Det betyr at undersøkinga ikkje er uttømmende i forhold til dei områda som analysen dekkjer.

Generell risiko

Vår analyse vil ta for seg risiko på eit overordna og generelt grunnlag. Det betyr at undersøkinga ikkje er uttømmende i forhold til dei områda som analysen dekkjer. Formålet og resultatet frå den overordna analysen er å peika på områda som kan vera hensiktsmessig å følgje opp med kontrolltiltak i form av mellom anna ein forvaltningsrevisjon. Kommunen er ein organisasjon som i utgangspunktet

skal forvalte og tilby innbyggjarane det same tenestetilbodet uansett kvar i landet kommunen ligg. Med dette utgangspunktet kan ein sei at kommunane har stor grad av felles trekk og utfordringar. Såleis er kommunane også utsett for ein del felles risikofaktorar. Dette kan me definere som generell risiko. Dette er risikofaktorar som kommunen kan vera eksponert for fordi kommunen leverer ein konkret tenestetype. Risikofaktorar som er generelle for kommunane er ofte omtalt i Fylkesmannens tilstandsrapportar. Me kan også finna generelle risikofaktorar i blant anna Helsetilsynet sin årlege tilsynsrapport.


Kommunespesifikk risiko

Det kan eksistera forskjellar mellom kommunane som bl.a. kjem til syne der lokaldemokratiet har valt å tilby tenester som ikkje er lovbestemt. Andre forhold kan t.d. vera når kommunen vel å setja bort tenesteproduksjonen til andre, for eksempel til private aktørar eller samarbeider med andre kommunar om å utføre tenestene. Andre forhold som kan skapa forskjellar mellom kommunar er knytt til demografi og geografi. Dette kan gje ulike utfordringar i forhold til omfang av og val av løysingar som vert ytt til innbyggjarane i relasjon til tenestene dei har krav på. I tillegg er det forskjellar i kommunane sine økonomiske føresetnadar på dei einskilde tenesteområda. Dette kan definierast som kommunespesifikk risiko. Dette er risikofaktorar som kommunen kan utsetjast for på bakgrunn av korleis kommunen har valt å organisera, produsera og levera ei teneste på.

Risikofaktorar – sannsynlegheit og konsekvens

Dersom det på eit område (eller for ei teneste) er vurdert at risikoen er høg med stor konsekvens, bør ein vurdere å iverksetja nærare undersøking. Hvis vektinga viser at det er høgst sannsynleg at forhold oppstår, men mindre konsekvens, eller at det er mindre sannsynleg at forhold oppstår, men konsekvensen er stor, vil det også vera naturleg å vurdere trongen for grundigare undersøkingar.

Revisjonen har vurdert moglege konsekvensar knytta til områda for risiko- og vesentlegvurdering og illustrert dette i ein tabell under kvart hovudområde. Det er særleg brukarkonsekvensar, økonomi og psykososialt miljø ein har lagt vekt på. Konsekvensane er ofte samansette og dei kan påverka prioriteringane for tema i forvaltningsrevisjonar.




Plan for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal vurdere risikoforholda og gjera ei innstilling til kommunestyret over prioriterte områder i plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret vedtek endeleg plan.

2 Eidfjord kommune

2.1 Organisasjon

Figur 2.1 Organisasjonskart



Kjelde: Budsjett 2020-Handlingsdel/Økonomiplan 2020-2023

Syssette personer i Eidfjord kommune 2015-2019

	2015	2016	2017	2018	2019
Alle funksjonar	218	204	219	214	207
Administrasjon, styring og fellesutgifter, kommune	37	32	34	33	33
Helse- og omsorg, barnevern og sosialtjenesten	84	75	87	81	75
Kultursektoren, kommune	9	9	9	8	8
Tekniske tjenester	9	9	10	11	12
Barnehage	25	24	24	27	24
Grunnskolesektor	37	36	35	36	35
Helse- og omsorg	82	72	83	78	73
Anna	17	19	20	18	20

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232

Syssetjinga i Eidfjord kommune viser at det har vore ein vesentleg nedgang i antall tilsette innanfor helse- og sosial (12 personar-13,8%), pleie- og omsorg (10 personar-12,1%) i perioden 2017-2019. For dei andre tenesteyrmda er det små endringar. Årsmeldinga til Eidfjord kommune for 2019 viser totalt 139 årsverk (inkl. vakante stillingar) Kommunen har såleis eit vesentleg tal tilsette på deltid.

Åpenhetsindeksen

Åpenhetsindeksen kontrollerer kommunane sin handtering av innsynskrav, tilgang til journalar, dokument, informasjon og kontaktdata på heimesidene. I tillegg vurderer indeksen kommunane sin praksis på ein del område som bruk av teieplikt utan heimel i lov og tilbøyelegheit til å lukke møte. Indeksen blir publisert av Pressens Offentlighetsutvalg.

Eidfjord kommune skåra 12,0 poeng i [Åpenhetsindeksen 2018](#). Gjennomsnittet for Norge var 13,0 poeng, høgaste poengsum i landet var 26,0 og lågaste -6,0.

Produksjonsindeksen

Produksjonsindeksen er eit samlemål for tenestetilbodet til kommunane basert på produksjonsindikatorar for utvalde sektorar. Indeksen gir eit bilete av korleis nivået på tenestene er i ein kommune samanlikna med andre kommunar.

Det manglar data for Eidfjord kommune i produksjonsindeksen 2018.

2.2 Demografisk utvikling

Tabell 2.1 Befolkningsprofil

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Innbyggjarar	tal	925	906	15079	4674089
Fødde per 1000 innbyggjarar	per 1000	9,7	11	10,5	9,7
Døde per 1000 innbyggjarar	per 1000	13	14,3	11,3	7,9
Netto innflytting	tal	-22	3	-126	18435
Del skilte og separerte 16-66 år	prosent	9,1	7,7	10,9	10,6
Del einslege innbyggjarar 80 år og over	prosent	71,2	66,1	73,8	61,5
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkninga i alderen 15-74 år	prosent	1,3	2,7	1,4	1,4
Del innvandrarbefolkning	prosent	11,2	11,6	15,8	15,9
Samla fruktbarheitstal	tal	1,8	1,59	..	..

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Demografiske forhold 2019 versus 2015:

- færre innbyggjarar,
- fleire innflyttarar enn utflyttarar,
- litt høgare arbeidsledigheit: 2,7 prosent.

Tabell 2.2 Befolkningsframskrivingar frå 2018-2028. Prognose med middels vekst

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
0 år	14	8	8	8	8	8	8	8	8	8	8
1-5 år	43	49	54	48	49	45	40	40	40	41	42
6-12 år	70	68	62	68	61	63	66	67	68	71	69
13-15 år	29	32	28	26	31	32	37	30	28	22	27
16-19 år	42	39	41	38	38	40	35	41	41	44	43
20-44 år	259	252	247	242	237	236	239	237	237	237	238
45-66 år	304	307	299	299	297	291	285	284	278	275	275
67-79 år	110	114	126	133	135	134	136	141	148	142	136
80-89 år	47	51	52	47	48	53	57	56	55	62	60
> 90 år	13	15	13	7	11	11	12	13	12	13	15
	931	935	930	916	915	913	915	917	915	915	913

Kjelde. Statistisk sentralbyrå, Befolkningsframskrivingar pr. 26.06.2018

Ifølge framskrivingane, vil Eidfjord kommunen ha færre innbyggjarar i alderen 20-66 år i 2028 enn i 2018, og fleire i alderen 67-89 år. Talet grunnskulebarn vil ikkje endra seg vesentleg frå 2018 til 2028. Behovet for pleie- og omsorgstenester for eldre vil auke.

Samfunnsmessig risiko

Pandemien som har råka Norge i vinter og vår har fått store konsekvensar for arbeidsmarknaden og enkelte sektorar i næringslivet. Reiselivskommunar som Eidfjord med cruisetrafikk og utanlandsk masseturisme kan oppleva store økonomiske utfordringar som følgje av mindre turisme til sine populære attraksjonar. Mindre verdiskaping nasjonalt og lågare oljeprisar vil også svekka både behovet for arbeidskraft og påverka skatteinngangen for den norske stat. Dette er ein ny samfunnsrisiko som må takast omsyn til. Korleis staten sine stimuleringstiltak vil påverka arbeidsmarknaden og hardt råka verksemdar må sjåast på som ein auka samfunnsrisiko. Det er også uvist i kva omfang og på kva måte staten vil forsetja å stimulera næringslivet for å tryggja arbeidsmarknaden i kommunen og regionen rundt i dei komande åra. Dess lenger den globale pandemien bremsar økonomisk aktivitet, dess hardare vil næringslivet og sysselsetjinga verta råka.

2.3 Økonomisk utvikling

Tabellen under viser den økonomiske utviklinga i Eidfjord kommune i 2015 og 2019.

Tabell 2.3 Rekneskap

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Land et utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	10,7	4,8	11,2	1,4
Året sitt mindre/meirforbruk i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	2,9	0,4	1,6	1,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	69,8	38,6	62,7	20,6
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	-56,3	-15,3	-32,1	47,3
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	32,9	70,8	63,4	110,5
Frie inntekter per innbyggjar	kr	74771	86571	76030	57297
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	29,3	25	47,4	11,7
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	34,6	39,2	18,3	16,2
Eigenfinansiering av investeringane i prosent av totale brutto investeringar	prosent	70,8	84,9	63,3	33

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Tala over syner at Eidfjord kommune framleis har eit relativt godt nettoresultat. Langsiktig gjeld har stege kraftig som følgje av fleire investeringar og særleg ny bygdeheim. Kraftinntekter, straumprisar og skattereglar vil vera ein stor usikkerheitsfaktor for kommunen sin økonomi for åra som kjem.

Beredskap – Covid-19 pandemien

Som eit resultat av pandemien har kommunane i Norge ekstra utgifter og inntektsbortfall, t.d.:

- redusert skatt på lønnsinntekt,
- redusert skatt på formue,
- reduserte inntekter frå foreldrebetaling i barnehage/SFO,
- auka sosialhjelp pga. auka arbeidsledigheit,
- tapte hamneinntekter (reduksjon i cruiseanløp og talet hurtigrute-/kystbåtanløp),
- ekstra utgifter innan helse og omsorg – desse vil vera avhengige av storleiken på smitteomfanget samt kostnader knytt til beredskap (beredskapssenger, koronasenter og liknande),
- øvrige ekstra utgifter og inntektstap i kommunane (t.d. tap på plasseringar av aksjar og obligasjonar, utbytte og bortfall av brukarbetalingar innan kultur og idrett).

Kva dei totale økonomiske konsekvensane vil vera for Eidfjord kommune, kjenner me i dag ikkje omfanget av. Kommunane vil truleg få ein del kompensert frå staten i form av auka rammeoverføringer.

3 Risiko- og vesentlegvurderingar

3.1 Sentraladministrasjon

3.1.1 Prosessmøte

Tabell 3.1 Sentraladministrasjon.

L	M	H	Område	Kommentarar
3	1		a. helse, miljø og tryggleik (HMT)	
1	1	2	b. IKT-tryggleik	Er Buypasskort m/ 4-sifra kode sikkert nok til innlogging på div. system? Utsett for risiko heile tida.
1	3		c. personvern	Tilsette manglar kunnskap. Risiko at personnummer kjem ut på innsyn. Avhengig av at GDPR-regelverk vert følgt.
3	1		d. økonomistyring/budsjettoppfølging	
3	1		e. oppfølging av politiske vedtak	
1	2	1	f. internkontroll/interne rutinar	Viktig tema for å sikre at organisasjonen jobbar godt og samla.
3	1		g. mislegheiter av ulik art	Låg konsekvens.
2	2		h. etikk og varslings	Handlar om personar - kontinuerleg arbeid.
2	1	1	i. innkjøpsordning/offentlege anskaffingar	Risiko innkjøp > kr. 100 000. Store bygg- og anleggsprosjekt: Må kjøpa kompetanse. Manglar innkjøpsreglement.
2	1	1	j. rutinar for offentleg arkiv og innsyn	Kan skje glipp.
3	1		k. innhaldet i saksutgreiingar frå administrasjonen	
4			l. leiaravtalar	Nyttar standard arbeidsavtalar.
3	1		m. servicefunksjonar/kundetorg i kommunen	Open kommune.
4			n. sjølvkosttenester	
3			o. forvaltning av kommunen sine eigendelar og kunst	
2		1	p. miljø- og klimatilpassingar i kommunen	Cruisebåttrafikk i kommune/landstraum.
2		1	q. bemanning	Ingen dobbeldekning. Når nokon er borte, kan ingen gjera jobben.
	1	2	r. psykososialt miljø	Omorganisering - frustrasjon, sjukemeldingar, stor arbeidsmengde. Medarbeidarundersøking i løpet av 2020. Rutinar, varslings, kartlegging, grunnlag for oppfølging.

3			s. sjukefråvær	
2		1	t. økonomi	Normalt liten risiko, men avhengig av svingningar i kraftinntektene.
2	1		u. inntekter/refusjonar innan helse sjukepengar/barnevern/...	Staten har innført digitale sjukemeldingar. Tilsette og legane gjer mykje feil. Risiko at krav blir forelda hjå NAV.
2	1		v. kommunesamanslåing og interkommunalt samarbeid	
2	1		w. rekruttering	
			x. anna	

Alle gruppene svarte på område a-n. 3 grupper svarte på dei resterande områda.

3.1.2 Vurderingar

IT-tryggleik

IT-tryggleik er eit område med høg risiko. Stadig meir av tenesteproduksjonen byggjer på utstrakt bruk av IT- og kommunikasjonsløyser. Dette gjer kommunen sin tenesteproduksjon sårbar for fleire forhold. Me vil peika på fylgjande forhold:

IT og kommunikasjon

Enkelte risikoar forsvinn, noko varer ved og ny risiko oppstår gjennom bruk og utvikling av IT- og kommunikasjonsløyser.

- Ny IT- og datakommunikasjon gir forenkling og effektivisering for tenesteområda i kommunen
- Teknologien skapar spennande utfordringar for medarbeidarar med samansette og innovative løyser
- Moderne IT- og kommunikasjonsløyser endrar tenesteproduksjonen og skal gje betre informasjonstilgang og effektivitet for brukarane/kommunen.

Sårbare forhold

- Overgang til automatisert styring gjennom nettverk kan gi hackere og utro tenere uønskt tilgang
- Brudd på ekstern internettilgang gjennom fiber og anna telekommunikasjon
- Små feil kan gje store konsekvensar for tenesteproduksjon og utstyr
- Manglande risikoforståing og brukarkompetanse kan gje uønskte hendingar og svekka tryggleik
- Auka fare for misbruk av sensitive personopplysningar

Sentrale områder/infrastruktur

- Styring og kontroll av vatn og avløp
- System som inneheld personopplysningar
- Økonomi og støtteverktøy i kommune administrasjonen
- Kontroll og styringssystem

Aktuelle risikofaktorar

- Tilgangskontroll
 - Tildeling og fjerning
 - Passordrutinar
 - Brannmurar
- Vern mot virus og annan ”ondsinna” kodar
- Backup/sikkerheitsoppdatering av programvarer
- Fysisk sikring av anlegg og installasjonar
- Samband mellom enkeltutstyr og system
- Brukarkompetanse
- Endringshandtering, kontinuitetsplanlegging og avvikshandtering
- Styring av eksterne leverandørar
- Arbeidsdeling/samarbeidspartar i det offentlege

Det er frå prosessmøte peika på at kommunen ikkje har noko heilskapleg system for handtering av rutinar innan IT- og kommunikasjon. Eidfjord samarbeider tett med Kvam og Ulvik om sine data-løysingar og personvernombod. Personrelatert IT-løysingar skjer lokalt i kommunen for å sikra tilgang til viktig informasjon ved nettproblem og omsyn til tryggleik av sensitive personopplysningar.

Revisjonen ser på tenesta som eit mogeleg risikoområde med uynskte konsekvensar for kommunen og deira innbyggjarar.

Personvern

Ein stor del av informasjonsflyten i ein kommune inneheld personopplysningar om innbyggjarane til kommunen, tilsette og politikarar. I 2018 tredde ny personopplysningslov i kraft, og dermed vart GDPR¹ (EUs personvernforordning) innført som del av norsk regelverk. Mange av krava i GDPR er dei same som i gammal personopplysningslov, men det er òg komme ein del nye krav. Temaet har derfor særleg aktualitet, både pga. risiko ved innføring av nytt regelverk, auka digitalisering i kommunane og økonomisk risiko knytt til brot på regelverket.

Målet med informasjonstryggleik er å sikra konfidensialitet, integritet og tilgang. Revisjonen har ikkje avdekt særskilde risikoforhold knytt til temaet i Eidfjord kommune.

Internkontroll

Internkontroll er eit område der risikoen kan verta høg om det ikkje eksisterer eit heilskapleg system for kontroll og rapportering. Kommuneleiinga har tidlegare delteke i eit KS-organisert arbeid for å etablera gode kontrollrutinar. Området kan vera eit tema for forvaltningsrevisjon i inneverande periode.

Etterlevering av arkivlov og rutinar

Kommunen si arkivordning er nervesystemet som skal sikre dokumentasjon av aktiviteten i kommunen. Administrative og politiske vedtak, kontraktar, saksgrunnlag m.m. har både ein rettsleg, historisk og samtidsfunksjon som skal vera tilgjengeleg for innsyn og kontrollarbeid. Revisjonen har

¹ General Data Protection Regulation

erfart i fleire kommunar inkludert Eidfjord at det har vore utfordrande å få tilgang/innsyn i arkivverdig materiale i sitt arbeid. Årsakene kan vera knytt til lagringsrutinar og struktur. Sett frå revisjonen si side meiner me at området har ein høg risiko for at arkivverdig og viktig informasjon kjem på avvegar.

Psykososialt arbeidsmiljø

Ifølge informasjon frå prosessmøte har omorganiseringa skapt utfordringar i det psykososiale arbeidsmiljøet i organisasjonen. To av arbeidsgruppene i prosessmøtet reknar det psykososiale arbeidsmiljøet som eit høgt risikoområde og ei gruppe rekna det som middels. Omorganiseringa fører til frustrasjon, sjukemeldingar og stor arbeidsmengd. Trivsel og produktivitet/effektivitet kan verta råka av utfordringar med det psykososiale arbeidsmiljøet. Det vil verta gjennomført ei medarbeidarundersøking i 2020, noko som gjer at ein bør utsetja ei eventuell kontrollhandling fram til eventuelle tiltak har vorte utprøvd. Psykososialt arbeidsmiljø kan, etter vår vurdering, vera eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon seinare i denne perioden.

3.1.3 Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Risiko	Område	Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon	Andre risikoområder
Høg	Sentraladministrasjonen	IKT-tryggleik	
Høg	Sentraladministrasjonen	Etterleving av arkivlov og rutinar	
Middels	Sentraladministrasjonen	Psykososialt arbeidsmiljø	
Middels	Sentraladministrasjonen	Internkontroll	

3.2 Barnehage

3.2.1 KOSTRA-statistikk

Tabell 3.2 Barnehage

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Del barn 1-2 år i barnehage, ift. innbyggjarar 1-2 år	prosent	80	95,7	78,5	84,6
Del barn 1-5 år i barnehage, ift. innbyggjarar 1-5 år	prosent	97,6	103,6	89,6	92,4
Del barn 3-5 år i barnehage, ift. innbyggjarar 3-5 år	prosent	107,7	109,4	97,1	97,3
Del barn i kommunale barnehagar ift. alle barn i barnehage	prosent	100	100	97,5	49,1
Tal barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehagar	tal	..	5	4,9	5,7
Del barnehagelærarar ift. grunnbemanning	prosent	..	21,9	39,7	41,5
Del barn som får spesialpedagogisk hjelp, ift. alle barn i kommunale barnehagar	prosent	:	0	3,7	3,9
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehagar (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimar i kommunale barnehagar	kr	110,7	89,2	99,1	78,7
Del minoritetsspråklege barn i barnehage ift. innvandrarbarn 1-5 år	prosent	:	:	89,9	83
Netto driftsutgifter barnehagar i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	prosent	9,1	11,8	10,1	14,3
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år	kr	255098	245091	215699	163025
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimar i kommunale barnehagar	kr	94,3	75,6	84,1	62,7

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

3.2.2 Statistikk frå Barnehagefakta.no (Utdanningsdirektoratet)


Nettsida Barnehagefakta² til Utdanningsdirektoratet viser at barnehagen i Eidfjord per 15. desember 2019:

- oppfylte grunnbemanningsnorma – med 5 barn per tilsett,
- oppfylte pedagognorma – 51 prosent av dei tilsette er barnehagelærarar eller tilsvarande (sjå figur under),

² Barnehagefakta.no er Utdanningsdirektoratet sin portal for publisering av nøkkeltal og nøkkelinformasjon for barnehagar i Norge.

- hadde 6 m2 leike- og opphaldsareal vs. 5,8 m2 nasjonalt.

Tabell 3.3 Del tilsette i barnehagen med ulike typar utdanning/bakgrunn




Kjelde: Barnehagefakta, <https://barnehagefakta.no/kommune/4619/eidfjord> (oppdatert per 15. desember 2019)

3.2.3 Effektivitetsanalyse frå Senter for økonomisk forskning (SØF)

Senter for økonomisk forskning (SØF) har utarbeidd berekningar for effektiviteten i dei kommunale tenestene³. Ifølge berekningane til SØF var effektivitetsverdien til barnehagen i Eidfjord kommune 79 prosent i 2017 og 76 prosent i 2018. Det gjer at Eidfjord kjem på 7. plass i si gruppe på 10 kommunar i 2018 når det gjeld effektivitet i barnehagen.

Figur 3.1 Effektivitetsverdi for barnehagen. Eidfjord sin kommunegruppe. 2018



Kjelde: Regjeringen.no: Kommunedata: [Resultater for den enkelte kommune - effektivitetsanalyse](#)

³ Metoden seier noko om den enkelte kommune sin effektivitet i forhold til beste etablerte praksis. Dei mest effektive kommunane innanfor eit tenestekområde og ei gruppe av samanliknbare kommunar får effektivitetsverdi 100. Dersom ein kommune får verdien 70 innanfor eit tenestekområde, tilseier dette at kommunen er 30 prosentpoeng mindre effektiv enn den mest effektive kommunen.

3.2.4 Prosessmøte

Tabell 3.4 Barnehage.

L	M	H	Område	Kommentarar
2	2		a. barnehagedekning	Barnetalet svingar. Over arealnorm - vert løyst.
2	2		b. inneklima og miljø	Dårleg inneklima. Støy på ei avdeling. Ei avdeling blir for varm på ein sommardag.
2	2		c. barnehagebygg og uteområde	Utfordringar med måten det er bygd på. Garderobar, stallekapasitet storbarnsavdeling.
4			d. pedagogisk kompetanse	
4			e. einingskostnadar	
4			f. foreldrebetaling	
4			g. lover og regelverk	
2	2		h. leiting/administrasjon	Stort arbeidspress. Styrar har mange arbeidsoppgåver.
4			i. bemanning	
3	1		j. psykososialt miljø	
2	1	1	k. sjukefråvær	Stort fråvær. Utfordringar å skaffa vikarar.
3	1		l. økonomi	
2	1	1	m. rekruttering	Vanskeleg å få tak i fagpersonale.
	1		n. anna	Avdekking av språkproblem. PPT førebyggjande rolle.

3.2.5 Vurderingar

Revisjonen har ikkje funne noko i dokumentanalysen som peikar på høg risiko og vesentlegheit knytt til tenesteområdet.

Offentleg statistikk og innspel frå prosessmøte tyder på at barnehage ikkje har noko område som krev ein sjølvstendig forvaltningsrevisjon. Kommentrar om avdekking av språkproblem og behov for førebyggjande arbeid i PPT tenesta kan vurderast som ein del av ein forvaltningsrevisjon knytt til spesialundervisning som er omtalt i kapitlet om skulen. (tidleg innsats) Revisjonen registrerer også at det er signalisert risiko knytt til sjukefråvær og rekruttering på tenesteområdet.

3.3 Skule og kultur

3.3.1 KOSTRA-statistikk

Tabell 3.5 Grunnskule

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	tal	28,3	0	78,8	36,3
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning	tal	132,1	212,9	149,1	139,9
Elevlar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring	prosent	3,3	0	3,2	4,9
Elevlar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning	prosent	16,7	10	9,7	7,8
Elevlar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn	prosent	:	:	75,3	75
Elevlar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i rekning 8.trinn	prosent	:	:	72,9	68,7
Gruppestørrelse 2	tal	7,6	7,9	12,1	15,8
Gjennomsnittleg grunnskolepoeng	tal	38,9	:	42,4	41,7
Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samla netto driftsutgifter	prosent	21,2	21,6	21,4	23
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år	kr	247040	285161	186312	117107

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Tabell 3.6 Kultur

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	prosent	9,1	11,4	7,4	4,1
Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	prosent	1	2,5	2,2	1,4
Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	prosent	2,5	2,7	1,6	0,8
Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386)	1000 kr	6526	7055	62732	5493281

Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbyggjar	kr	11324	14370	8348	2541
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar	kr	164	1471	5308	1269
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	tal	2	..	4,1	4,6
Besøk per kinoforestilling	tal	18,2	18,5	21,7	25,5
Barn 6-15 år i kommunen sin kulturskule	prosent	65,8	93,3	47,2	19,5
Omløpshastigheit for bøker	tal	0,2	..	0,3	0,8
Brutto driftsutgifter til folkebibliotek	1000 kr	515	1002	10455	1564755

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatt 16.03.2020)

3.3.2 Statistikk frå Skoleporten.no

[Skoleporten](#) er ein portal med statistikk over kvaliteten i grunnopplæringa i tida 2015/16 – 2019/20. Under viser me statistikk frå denne portalen om elevar, lærarar, skular, læringsmiljø og overgangar.

Elevar og lærarar

Eidfjord kommune har ein skule.

Elevtal:

År	2015/2016*	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Elevar	92	107	101	92

Kjelde: Lægred skule. *Tal frå Overordna analyse 2016-2020

Tabell 3.7 Tal elevar per lærar i ordinær undervisning. Skuleåret 2019/20

Trinn	Eidfjord	Norge
1.-4.	6,3	14,0
5.-7.	8,8	16,5
8.-10.	7,0	17,8

Kjelde: skoleporten.udir.no

Oversikten viser at det er stor lærartettleik i ordinær undervisning.

All undervisning vert gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning skuleåret 2019/20.

Resultat frå elevundersøkinga for 7. årstrinn

Tabell 3.8 Resultat frå elevundersøkinga for 7. årstrinn på ein skala frå 1 til 5. Skuleåret 2017/18

	Eidfjord	Norge
læringskultur	3,6	4,1
elevdemokrati- og medverknad	3,5	3,8
fagleg utfordring	3,4	4,1
felles reglar	3,5	4,3

trivsel	3,7	4,3
meistring	3,6	4,1
støtte frå lærarane	4,2	4,4
motivasjon	3,2	3,9
vurdering for læring	3,1	3,9
støtte frå heimen	3,7	4,4

Kjelde: skoleporten.udir.no

Skulen i Eidfjord ligg under landsgjennomsnittet på alle 10 indikatorane. I 7 av dei 10 indikatorane er Eidfjord minst 0,5 poeng lågare enn landsgjennomsnittet for skuleåret 2017/18 (sist tilgjengelege tal).

Mobbing

Tal elevar som opplever mobbing på skulen er unnateke offentlegheit.

Overgangar

Alle elevar (16 år) som avslutta grunnskulen i Eidfjord kommune i 2017, 2018 og 2019, var registrert i vidaregåande opplæring same år.

Det er ikkje tilgjengelen data knytt til eksamensresultat og standpunktkarakterar for Eidfjord kommune i Skoleporten.

3.3.3 Statistikk frå UNG-data

I Eidfjord kommune er det gjennomført Ungdata-undersøking i 2015 og 2017.

Resultata er ikkje offentleggjort på ungdata.no, truleg på grunn av at det er færre enn 30 elevar som har svart.

3.3.4 Prosessmøte

Tabell 3.9 Skule.

L	M	H	Område	Kommentarar
2	2		a. skulebygg og uteområde	Vedlikehald. Deler av bygget er 60 år gamle.
3	1		b. kompetanse for leiarar/lærarar	Økonomisk handlingsrom og vilje til kompetanseheving. Sårbare fagområde.
3	1		c. læremateriell og driftsmidlar	Økonomisk handlingsrom. Nye læreplanar i august.
3	1		d. ordinært undervisningstilbod	Liten kommune.
3	1		e. spesialundervisning/tilpassa opplæring	Små klassar.
2	2		f. PPT	Førebyggjande.
4			g. vaksenopplæring	
4			h. skulefritidsordning	
4			i. SFO-foreldrebetaling	
4			j. skuleskyss	
2	2		k. tverrfagleg samarbeid innan oppvekst/helse/sosial/omsorg	Manglar barnehage.

4			l. lover og regelverk	
4			m. leiing/administrasjon	
4			n. bemanning	
4			o. psykososialt miljø	
4			p. sjukefråvær	
4			q. økonomi	
3		1	r. rekruttering	Avsides stad.
1			s. anna	

Tabell 3.10 Kultur.

L	M	H	Område	Kommentarar
3			a. bibliotek	
3			b. kulturskule	
3			c. idrett og fritidsliv	
3			d. kulturminnevern	
3			e. kulturelle skulesekk/spaserstokk	
3			f. lover og regelverk	
2		1	g. leiing/administrasjon	Samhandling mellom sektorar for å finne optimale løysingar og parallelle prosessar (inkl. politikk).
3			h. bemanning	
3			i. psykososialt miljø	
3			j. sjukefråvær	
3			k. økonomi	
3			l. rekruttering	
1			m. anna	Folkehelse, ungdomsråd, miljørådgiving, folkehelse og næringsutvikling, planarbeid på 320 % stilling.

Her har 3 av 4 grupper svart.

3.3.5 Vurderingar

Revisjonen har ikkje funne noko i dokumentanalysen som peikar på høg risiko og vesentlegheit knytt til skule og kultur.

Kostra tala viser at antall timar for elevar som mottek spesialundervisning har auka frå 132,1 til 212,9. I gjennomsnittet for kostragruppa og landet ligg imellom 149 og 139. Samstundes viser statestikken at andel elevar som mottek spesialundervisning har gått ned frå vel 16% til 10% dei siste fire åra. Det kan vera grunnlag for å sjå nærare på årsaka til den kraftige auken i timetalet pr. elev. (kost/nytte)

Andre risikoområde som kom fram i prosessmøtet er relatert til PPT- tenesta samt tverrfagleg samarbeid knytt til barnhagen. Me viser også her til tilbakemelding om risiko for manglande avdekking av språkproblem samt risiko knytt til tidleg førebygging frå PPT tenesta. Desse tema under barnehagen kan passe saman med ein eventuell forvaltningsrevisjon knytt til spesialundervisning innan skule/oppvekstsektoren.

Skoleporten si elevundersøking for 7. årstrinn viser at Eidfjord skårer merkbart lågare enn landsgjennomsnittet på fleire indikatorar. Det er uvisst om dette er ein generell tendens eller kun ein nosituasjon for skuleåret 2017/2018.

Kommunen har relativt høge driftsutgifter per innbyggjar for skule og kultur, men analysen viser og at Eidfjord kommune har prioritert ein høg lærartettleik. I tillegg viser analysen at Eidfjord har mange barn som mottek tilbod frå kulturskulen.

3.3.6 Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Risiko	Område	Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon	Andre risikoområder
Middels	Skule	Spesialundervisning	PPT, tverrfagleg samarbeid innan oppvekst/helse/sosial/omsorg, rekruttering

3.4 Helse, omsorg og sosial

3.2.1 KOSTRA-statistikk

Tabell 3.11 Helse og omsorg

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar	kr	42672	52430	49755	28741
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjarar 1	årsverk	535,5	480,5	476,1	313,6
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter	prosent	24,2	28,9	31	32,4
Del brukarretta årsverk i omsorgstenesta m/ helseutdanning 1	prosent	75	70,4	79,4	77,7
Årsverk per brukar av omsorgstenester 1	årsverk	0,62	0,76	0,72	0,58
Del innbyggjarar 80 år og over som brukar heimetenester	prosent	35,6	37,5	32,4	30,3
Del brukarar av heimetenester 0-66 år 1	prosent	26,2	..	39,2	47,6
Del innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim	prosent	22	12,5	15,5	11,3
Del brukartilpassa einarom m/eiget bad/wc	prosent	100	100	98	90,9
Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon	kr	3893	4821	5036	3839
Del private institusjonsplassar	prosent	0	0	0	5,3
Legetimar per veke per bebuar i sjukeheim	timar	0,63	0,47	0,59	0,56
Del innbyggjarar 67-79 år med dagaktivitetstilbod	prosent	0	0	1,62	0,68
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter	prosent	4,5	7,3	6,6	4,9
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar	årsverk	33,5	27,6	18	11,4
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar	årsverk	24,9	21	13,3	9,7
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar 0-20 år	årsverk	41,7	35,8	53,1	44,1
Del nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst	prosent	122,2	110	103,2	93,5

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Fotnote:

1. SSB har teke i bruk ein ny metode som gir betre informasjon om arbeidstid for 2018. Den nye metoden påverkar berekning av årsverk, og endringstal i tal årsverk (f.eks. frå 2017 til 2018) er dermed ikkje reell. Den nye metoden er under utvikling. SSB vil etter planen publisere endelege tal for årsverk for årgangane 2015-2019 etter ny metode gjennom KOSTRA seinare. Les meir om den nye metoden her: <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/ny-metode-gir-bedre-informasjon-om-arbeidstid>

Tabell 3.12 NAV (Sosialtenesta)

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Sosialhjelpsmottakarar	tal	13	17	341	116032
Tal sosialhjelpsmottakarar 18-24 år	tal	0	0	48	22465
Sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp i 6 månadar eller meir	tal	3	:	97	44541
Sosialhjelpsmottakarar med arbeidsinntekt som hovudinntekt	tal	:	4	32	12992
Sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald 1	tal	3	5	91	48076
Sosialhjelpsmottakarar som bur i eigd bustad	tal	:	9	44	9131
Tal barn i familiar som mottok sosialhjelp	tal	10	9	223	58573

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Fotnote:

1. For 2017 er sosialhjelpsmottakarar med hovudinntekt introduksjonsstøtte skilt ut frå hovudinntekt sosialhjelp. For 2015 og 2016 er desse registrert saman.

Tabell 3.13 Barnevern

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år	kr	3104	4855	8406	8387
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år	prosent	2,4	:	3,7	4,6
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år	prosent	3	:	3,4	4,8
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år	prosent	2,3	1,4	3,3	3,8
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak	kr	37333	136500	75302	54645
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251)	kr	22250	20500	68440	41869
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252)	kr	261000	452000	387722	442333
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	tal	12,9	:	11,2	19,2
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader	prosent	80	:	73	88

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Tabell 3.14 Psykisk helse og rus


Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra-gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Brutto driftsutg. til tilbod til personar med rusproblem per innb. 18-66 år	kr		10,8	204,1	633,9
Netto driftsutg. til tilbod til personar med rusproblem per innb. 18-66 år	kr		10,8	189,7	541,4
Del netto driftsutgifter til tilbod til personar med rusproblem	prosent		0,4	3	13,9
Årsverk av psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjarar (helse og omsorg)	tal		5,5	8,6	4,9
Årsverk av personar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggjarar (helse og sosial)	tal		5,5	9,8	9
Årsverk av personar med vidareutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggjarar (helse og sosial)	tal		0	2,7	3,2
Tal vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukarar av aktører utanfor komm per 10 000 innbyggjarar	tal		0	3,3	1
Tal vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmissbrukarar per 10 000 innbyggjarar	tal		0	0,7	1,2

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

3.4.1 Effektivitetsanalyse frå Senter for økonomisk forskning

Figur 3.2 Effektivitetsverdi for pleie og omsorg. Eidfjord si kostragruppe. 2018

Resultater 2018 for kommuner i samme kommunegruppe som Eidfjord.
Pleie og omsorg.



Kjelde: Regjeringen.no: Kommunedata: [Resultater for den enkelte kommune - effektivitetsanalyse](#)

Senter for økonomisk forskning (SØF) har utarbeidd berekningar for effektiviteten i dei kommunale tenestene⁴. Ifølge berekningane til SØF hadde pleie og omsorg i Eidfjord kommune ein effektivitetsverdi på rundt 60 prosent i 2017 og 2018. I 2018 vart tenesta renka som nummer 7 i kostragruppe når det gjeld effektivitet.

3.4.2 Prosessmøte

Tabell 3.15 Helse og sosial.

L	M	H	Område	Kommentarar
3		1	a. legetenesta	Refusjon fastlegeordning
3	1		b. helsestasjon og skulehelse-tenesta	Helsestasjon for ungdom.
4			c. rus- og psykisk helseteneste	
2	2		d. barneverntenesta	Kan verta dyrare.
1	2	1	e. sosialkontoret (NAV)	Mykje stengt ved sjukefråvær. Kun 1 tilsett.
3		1	f. krisesenter	Stor avstand til tilbodet i Bergen.
4			g. flyktningtenesta	
4			h. oppfølging av tenester til funksjonshemma, inkl. kommunal hjelpemiddelsentral	
3	1		i. samhandling mellom kommunen og staten	Utfordrande med interkommunal legevakt. Betale ØH-senger som ein ikkje brukar.
3		1	j. lover og regelverk	Ambulanseproblematikk: Lang responstid, skal også dekkja Sysendalen.
3	1		k. leiing/administrasjon	Manglar kommunalsjef. Organisering.
4			l. bemanning	
3	1		m. psykososialt miljø	
3	1		n. sjukefråvær	
3	1		o. økonomi	
2	1	1	p. rekruttering	Helsefag og sjukepleie. Vert mangelvare.
			q. anna	

Tabell 3.16 Pleie og omsorg.

L	M	H	Område	Kommentarar
4			a. heimebasert omsorg m/omsorgsbustadar	
4			b. omsorgsbustadar psykiatri	
4			c. sjukeheim/aldersheim	
4			d. rehabilitering	

⁴ Metoden seier noko om den enkelte kommune sin effektivitet i forhold til beste etablerte praksis. Dei mest effektive kommunane innanfor eit tenestekområde og ei gruppe av samanliknbare kommunar får effektivitetsverdi 100. Dersom ein kommune får verdien 70 innanfor eit tenestekområde, tilseier dette at kommunen er 30 prosentpoeng mindre effektiv enn den mest effektive kommunen.

4			e. brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	
3	1		f. samhandling mellom kommunen og staten	Samhandling med spesialhelsetenesta. ØH-senger, jf. Helse- og sosial.
2	2		g. lover og regelverk	Ved stort trykk på tenester til hyttefolk.
3	1		h. leiging/administrasjon	
3	1		i. bemanning	Fagpersonale kan vera utfordrande å skaffa.
3	1		j. psykososialt miljø	
1	2	1	k. sjukefråvær	Høgt sjukefråvær/Har vore sjukefråvær.
2	1	1	l. økonomi	Tenesteyting til hyttefolk, turistar.
	1	3	m. rekruttering	Vanskeleg/noko utfordrande å få tak i fagkompetanse. Sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Kan ha høg konsekvens.
			n. anna	

3.4.3 Vurderingar

Revisjonen har funne lite informasjon i overordna dokument til Eidfjord kommune som peikar på høg risiko- og vesentlegheit knytt til tenesteområda. I årsmeldinga 2019 er sjukefråværet omtalt. Den viser ein generell nedgang frå 2018 på 10,45% til 7,99% i 2019. Dette er ei positiv utvikling. Ei viktig årsak til nedgangen er kommunen si deltaking i NED-prosjektet til KS. Område med høgt fråvær som skule, barnehage, pleie- og omsorg og reinhald har delteke. Det er framleis eit høgt sjukefråvær når ein samanliknar sjukefråværet mot kommunen si eige målsetjing på 6%.

Kostratala for helse og omsorg viser at netto driftsutgifter til omsorgstenester har auka frå 2015 til 2018. Revisjonen tolkar dette til å vera ekstra utfordringar med drifta i samband med bygging og overgang til ny bygdeheim. Det vil såleis vera naturleg å la drifta fungera ei tid før ein ser nærare på kostnadsutviklinga innan pleie- og omsorg.

Kostratala for sosialtenesta viser at Eidfjord ligg på linje med kostragruppa eller vesentleg under når det gjeld midlar brukt til sosiale tenester og rus tiltak. Statistikken viser at kommunen har ein lågare del registrerte brukarar enn i kostragruppa og landet. Dette er truleg hovudårsaka til mindreforbruket.

Av kostratala og prosessmøte framgår det ein risiko knytt til få medarbeidarar innan NAV området. Dette gjer området sårbar både for brukarane og kommunen si evne til å levera tilfredsstillande tenester.

Kommunen brukar vel 50 prosent av driftsutgifter til barnevern i forhold til kostragruppa og landet utan Oslo. Dette kan vera eit uttrykk for at Eidfjord kommune har færre tilfelle der det er trong for oppfølging/kontroll og inngripen frå barnevernet enn samanliknande kommunar. Eidfjord kommune har eit interkommunalt samarbeid kring barnevernsarbeid gjennom Hardanger barnevern.

Barnevern er eit viktig ansvarsområde for kommunen der risikoen alltid vil vera til stades og konsekvensane store for kvar einskild brukar som vert oversett. Det er også eit område som har stor risiko for kommunen i forhold til budsjettering og økonomi grunna akutte hendingar og det uvisse i enkelte saker sitt utfall/omfang. Barnevernet hadde tidlegare eit stort etterslep på saksbehandling/oppfølging, men nye statlege finansierte stillingar har gjort organisasjonen i stand til å

etterleva lovkrava betre. Fellesstatistikk frå deltakarkommunane viser at Hardanger barnevern kun har rapportert 3 saker med brot på tidsfristar i 2019. Det er ikkje rapportert særskilt for Eidfjord kommune.

Prosessmøtet viser at deltakarane meiner det er knytt vesentleg risiko til rekruttering av fagpersonell innanfor helse, omsorg og sosialområdet i kommunen. Rekrutteringsproblematikken er eit tema som går igjen på fleire tenesteområde i kommunen. Elles viser svara at det er fleire område innan tenesteområdet det er knytt ein del risiko til. Me vil spesielt peika på: Refusjon legetenesta, generelt sjukefråvær og spesielt Nav kontoret, Krisesenteret, responstid ambulansenesta og helsetenester til hyttefolk/turistar.

3.4.4 Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Risiko	Område	Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon	Andre risikoområder
Middels	Helse- omsorg og sosial	Rekruttering av fagpersonell	Sjukefråvær

3.5 Teknisk

3.2.1 KOSTRA-statistikk

Tabell 3.17 Plan, byggesak og miljø

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra-gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Reguleringsplanar vedteke i alt	tal	3	0	15	1357
Del av reguleringsplanane som ble møtt med innseiing	prosent	100	..	29	27
Byggesøknader i alt behandla	tal	175	92	1178	68029
Behandla byggesøknader med 3 vekers frist	tal	..	36	203	28059
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker med 3 vekers frist	dagar	..	33	16	18
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker med 12 vekers frist	dagar	..	50	32	33
Del av innvilga byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon frå plan	prosent	7	27	13	17
Tilsyn for byggeverksemd som er unnateke søknadsplikt	tal	..	..	3	1169
Søknader om nye bygningar i strandsona som ble innvilga	tal	2	0	10	876
Del av søknader om nye bygningar i LNF-/LNFR-område som ble innvilga	prosent	..	100	100	96
Del av søknader om tiltak i freda eller verneverdige område/bygningar som ble innvilga	prosent	..	50	43	46

Sjølvcostgrad i byggesaker	prosent	..	..	87	581
Netto endring i tal bustadar	tal	3	..	..	..

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Tabell 3.18 Vassforsyning

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Sjølvcostgrad	prosent	77	94	82	91
Årsgebyr for vassforsyning - ekskl. mva. (gjeld rapporteringsåret+1)	kr	2170	2880	3559	3739
Del fornya kommunalt leidningsnett, gjennomsnitt for siste tre år	prosent	1,5	0	..	0,65
E.coli: Del innbyggjarar tilknytt kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat	prosent	100	100	..	98,8
Del av total kommunal vassleveranse til lekkasje	prosent	0,3	..	..	29,8

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Tabell 3.19 Avløp

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Sjølvcostgrad	prosent	88	91	92	98
Årsgebyr for avløpstenesta - ekskl. mva. (gjeld rapporteringsåret+1)	kr	2170	2880	3101	4142
Del fornya kommunalt spillvassnett, gjennomsnitt for siste tre år	prosent	0,1	..	..	0,64
Del innbyggjarar tilknytt anlegg der reinsekrav er oppfylt	prosent	73,6	..	..	..

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Merknad:

Statistikk for vassforsyning og avløp viser at denne er underfinansiert, jamfør sjølvcostprinsippet, men at avviket er mindre enn for 4 år sidan.

Tabell 3.20 Hushaldsavfall

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Årsgebyr for avfallstenesta - ekskl. mva. (gjeld rapporteringsåret+1)	kr	3309	3563	3337	2851
Del levert til materialgjenvinning inkl. biologisk behandling	prosent	47,7	46,2	..	..
Sjølvcostgrad	prosent	..	..	0	0
Hushaldsavfall per innbyggjar (fylke og land)	kg	..	..	..	..

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Merknad:

Årsgebyr for avfallstenesta i Eidfjord kommune er litt høgare enn tilsvarende gebyr for KOSTRA-gruppa, men 24% høgare enn i landet. Forvaltningsrevisjon av Indre Hordaland Miljøverk IKS viser at utjamningsfondet ikkje har vore justert. Innbyggjarane har betalt for høge årsgebyr over fleire år. Det er no ein prosess for å redusere utjamningsfondet ved å unngå auke i prisen evt. reduksjon.

Tabell 3.21 Bustad

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Totalt tal kommunalt disponerte bustadar	tal	39	38	426	95871
Kommunalt disponerte bustadar per 1000 innbyggjarar	tal	42	42	28	21
Del kommunale bustadar som er tilgjengelege for rullestolbrukarar	prosent	44	50	49	54
Brutto investeringsutgifter til bustadformål per innbyggjar i kroner	kr	183	2219	1672	1553
Lønnsutgifter per eigd kommunal bustad	kr	12079	5289	18217	9535
Del nye søkarar som har fått avslag på kommunal bustad	prosent	..	0	19	27
Husstandar i midlertidige butilbod i mindre enn 3 månadar	tal	0	0	1	2661
Tal bustadar godkjent av kommunen for finansiering med startlån, per 1000 innbyggjarar	tal	4,3	:	1,3	1,4
Tal husstandar tilkjent statleg bustøtte frå Husbanken per 1000 innbyggjarar	tal	:	6,6	8,7	14,6

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Merknad:

Eidfjord bygde 10 nye omsorgsbustadar i samband med ny sjukeheim i 2018/2019 dette er ei viktig årsak til den kraftige auken i brutto investeringsutgifter i 2019.

Tabell 3.22 Brann og ulukkesvern

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Brutto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 per innbyggjar, konsern 1	kr	2751	4440	3087	1262
Brutto driftsutgifter til funksjon 339 per innbyggjar, konsern	kr	2557	3991	2530	1012
Brutto driftsutgifter funksjon 338 per innbyggjar, konsern	kr	195	449	557	250
Netto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 per innbyggjar, konsern	kr	2614	4007	2404	917
Netto driftsutgifter til funksjon 338 per innbyggjar, konsern	kr	57	24	133	67
Netto driftsutgifter til funksjon 339 per innbyggjar, konsern	kr	2557	3982	2271	849
Årsverk i brann- og ulukkesvern per 1000 innbyggjarar	årsverk	0	0,22	..	0,72
Årsverk til førebygging, funksjon 338, per 1000 innbyggjarar	årsverk	0	0,11	..	0,25
Årsverk til beredskap, funksjon 339, per 1000 innbyggjarar	årsverk	0	0,11	..	0,47
Tal bygningsbrannar	tal	0	3	13	2664
Tal A-objekt med tilsyn i løpet av året 2	tal	12	10	50	8137

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Fotnotar:

1. Funksjon 338 er førebygging av brannar og andre ulukker. Funksjon 339 er beredskap mot brannar og andre ulukker.
2. A-objekt er bygningar til opphald for eit større tal menneske kor brann kan medføre meir enn alminneleg fare for tap av menneskeliv.

Merknad:

Eidfjord kommune har 44% høgare brutto driftsutgifter til førebygging av og beredskap mot brannar og andre ulukker per innbyggjar samanlikna med kostragruppa. Utgiftene har gått opp frå kr. 2751 per innbyggjar i 2015 til kr. 4440 per innbyggjar i 2019.

Tabell 3.23 Samferdsel

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2018*	2019	2019
Del km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for av alle kommunale veger 3	prosent	10,3	10,3	20,5	15,5
Del kommunale veger og gater med belysning av alle kommunale veger og gater	prosent	63,8	63,8	100	62,6

Utgifter til vedlikehold av kommunale veger og gater av totale netto driftsutgifter til kommunale veger og gater 4	prosent	56,4	48,1	26,2	28,4
Del kommunale veger og gater utan fast dekke av alle kommunale veger og gater 2	prosent	31	31	21	27,3
Brutto driftsutgifter til samferdsel per innbyggjar	kr	9271	10887	6434	1765
Brutto driftsutgifter til gatebelysning langs kommunale veger og gater per kilometer belyst veg 1	kr	18351	8865	6834	21566
Brutto investeringsutgifter til kommunale veger og gater per innbyggjar	kr	1795	501	3053	1335
Tal km tilrettelagt for syklande som er eit kommunalt ansvar 5	km	6	6	82	5584
Netto driftsutgifter til kommunale veger og gater per innbyggjar	kr	4944	5237	4857	1212
Netto driftsutgifter til kommunale veger og gater per km	kr	78845	81810	183085	156892

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

*Det er ikkje innrapportert tal i 2019 for Eidfjord kommune. Me har difor lagt inn 2018 tal. Statestikken gjer såleis ikkje ein fullstendig oversikt i forhold til kostra-gruppa og landet.

Fotnotar: Nærare forklaring til nøkkeltala kan finnast på SSB sine sider under Kostra- nøkkeltal for Eidfjord.

Tabell 3.24 Eignedomsforvaltning

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra-gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til eignedomsforvaltning i prosent av samla driftsutgifter	prosent	12,8	13,4	12,4	9
Netto driftsutgifter til forvaltning av eigedom per innbyggjar	kr	978	604	578	314
Areal på formålsbygg per innbyggjar	m2	16,14	18,04	9,69	4,91
Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter	kr	326	341	133	102
Utgifter til driftsaktiviteter per kvadratmeter	kr	319	244	744	600
Herav utgifter til renhold	kr	0	0	208	171
Herav energikostnader per kvadratmeter 1	kr	151	133	176	134

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Fotnote:

1. Før 2017 har dette talet blitt berekna ut i frå samla areal av dei utvalde (fylkes)kommunale formålsbygga kommunen eig og leiger. Her ser me kun utgiftene opp mot arealet kommunen eig.

Tabell 3.25 Klima og energi

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Energiutgifter per m2 kommunalt eigde bygg	kr	151	133	176	134
Energiutgifter som del av brutto driftsutgifter	prosent	1,29	1,12	0,95	0,71
Del av energikostnader i kommunen si eigedomsforvaltning brukt på fornybare energikjelder	prosent	100	100	99,9	96,2
Energibruk per m2 eigd areal	kWh	161	153	150	148
Del elektrisitetsforbruk av totalt forbruk i kommunen si eigedomsforvaltning, egne bygg	prosent	100	100	97	83
Del fjernvarmeforbruk av totalt forbruk i kommunen si eigedomsforvaltning, egne bygg	prosent	0	0	0	13
Del oljeforbruk av totalt forbruk i kommunen si eigedomsforvaltning, egne bygg	prosent	0	0	0	1
Del naturgassforbruk av totalt forbruk i kommunen si eigedomsforvaltning, egne bygg	prosent	0	0	0	1
Del bioenergiforbruk av totalt forbruk i kommunen si eigedomsforvaltning, egne bygg	prosent	0	0	3	2
Del fornybarforbruk av totalt forbruk i kommunen si eigedomsforvaltning, egne bygg	prosent	100	100	100	96
Utslipp av CO2 knytt til energibruk	g/kWh	0	0	0	4

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

Merknad: I fylgje årsmeldinga 2019 har bilparken ein gjennomsnittleg alder på 10,1 år og det er ingen elektriske køyretøy av dei 19 køyretøya.

Tabell 3.26 Landbruk

Nøkkeltal	Eining	Eidfjord		Kostra- gruppe 16	Landet utan Oslo
		2015	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling i prosent av totale netto driftsutgifter	prosent	0,4	0,1	0,8	0,2
Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning korrigert for samarbeidskommunar	1000 kr	466	441	16581	830758
Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseigedom	1000 kr	3,6	3,9	..	..
Landbrukseigedomar	tal	130	114	..	..
Jordbruksbedrifter	tal	20	17	..	..
Jordbruksareal i drift	dekar	2069	2429	..	..
Produktivt skogareal	dekar	23808	20956	..	..

Dyrka og dyrkbar jord omdisponert til andre formål enn landbruk	dekar	0	0	124,5	9170,8
Omdisponering av dyrka jord til andre formål enn landbruk	dekar	0	0	15	4599,1
Omdisponering av dyrkbar jord til andre formål enn landbruk	dekar	0	0	109,5	4571,7
Godkjent nydyrka areal	dekar	10	0	159	27493
Søknader i alt etter jord- og konsesjonslov	tal	6	6	64	7954

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 1232 (oppdatert 16.03.2020)

3.5.1 Prosessmøte

Tabell 3.27 Teknisk.

L	M	H	Område	Kommentarar
3	1		a. brannvern	
1	3		b. byggesaksbehandling	Kan slite med tidsfristar. Konsekvens for politisk vilje og privat næringsliv.
1	1	2	c. vatn og avløp	Nytt reinseanlegg Sysendalen. Strenge krav. Auka avgifter? Kan ha store konsekvensar.
2	2		d. renovasjon	Utmelding av Ullensvang. Korleis vert ordninga med færre kommunar?
2	1	1	e. veg og infrastruktur	Mange kilometer veg: Kostbart vedlikehald. Gang og sykkelveg samt sentrum/trafikkavvikling.
1	3		f. forvaltning av kommunale bygg/eigedom	Godt nok ivaretatt? Mange bygg å ta vare på.
1	1	2	g. oppfølging av investeringsprosjekt	Mange utfordrande prosjekt. Prosjekt- og byggjeleing. Manglar intern kompetanse. Val av entrepriseform. Jfr. erfaring med VA, veg og infrastruktur. Nytt reinseanlegg Sysendalen.
3	1		h. samfunnsikkerheit og beredskap	Utfordrande for ein liten kommune.
3	1		i. sjølvkost	For mykje innbetalt til IHM. Korleis vert dette ordna?
3	1		j. landbruk (t.d. jordvern, konsesjonsvilkår)	Utfordrande å fylgja konsesjonsvilkåra.
2	1	1	k. kommunal tilrettelegging for næringsutvikling	Utfordrande at det er store forventningar til dette. Ikkje god nok link mellom kultur, drift og forvaltning (Næringssjef og Drift og forvaltning).
4			l. lover og regelverk	
4			m. leiing/administrasjon	
3	1		n. bemanning	Sjukemeldingar. Vaktmeister barnehagen.
4			o. psykososialt miljø	
4			p. sjukefråvær	
4			q. økonomi	
4			r. rekruttering	
			s. anna	

3.5.2 Vurderingar

Eidfjord kommune har utarbeidd ein overordna rosanalyse. Den er frå oktober 2017. Analysen peikar på følgjande område med høg risiko (raud) sannsynlegheit/konsekvens:

- ulukker med helikopter,
- vegtrafikkulukke med inntil 5 døde/skadde
- brann på skip/cruisebåtar,
- brann i vegtunnel,
- brann i andre bygningar i buområde,
- skred.

Kommunen sin overordna beredskapsplan er oppdatert i september 2019, og kommunen sin kriseberedskapsplan er oppdatert i 2020.

Årsmeldinga for 2019 viser at det har vore ekstra mange utrykningar og eit større havari på pumpe-tankbil. Dette er ein stor del av årsaka til kostnadsauken og skilnaden i forhold til kostra-gruppa, jfr. kostra-tabellen for brann og ulykkesvern. I årsmeldinga for drift og forvaltning er det oppført 44 tilsette med tilsaman 26,53 årsverk. Dette er eit stort avvik i forhold til innrapportering til Kostra som viser 12 tilsette i 2019, jfr. kostra-tabell om sysselsette i kommunen. (kap. Organisasjon).

Kostratala viser at Eidfjord har hatt ein kraftig nedgang i antall byggesaker pr. år. I 2017 var talet 57, i 2018 – 47 og i 2019 36 saker. Kommunen har stor hytteutbygging og det kan då vera grunn til å tru at byggesøknader knytta til anna næringsutvikling og privatbustader er synkande i Eidfjord. På sikt kan dette ha negativ konsekvens for næringsutvikling og busetnad i kommunen. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid med 3 vekers frist har gått kraftig opp i Eidfjord frå 13 dagar i 2017 til 33 dagar i 2019. Dette er vesentleg meir enn det som er gjennomsnittleg i kostragruppa og landet. For søknader med 12 vekers frist er Eidfjord godt innanfor lovkrava sjølv om saksbehandlingstida har auka også her.

Generelt er det ein auka fokus på tilsette sin bruk av kommunane sin utstyrsbase som vert nytta til privat bruk. I førre plan vart det peika på at Eidfjord kommune ikkje har noko kommunalt regelverk for utlån og bruk av kommunen sin eigedom. Det vart den gongen peika på at ein forvaltningsrevisjon kunne bidra til å få på plass rutinar og retningslinjer som ville førebyggja uynskt bruk av kommunalt utstyr. Teknisk sjef stadfestar at det ikkje har vore revidert regleverk knytt til utlån/bruk av utstyr til privat formål sidan 2015. Han meiner omfanget av ekstern bruk har gått ned men at det har vore utfordringar med at nære relasjonar til tilsette i kommunen har ei forventning til at kommunen sitt utstyr også kan nyttast av desse.

Kommuneleiinga framheva risiko og stor usikkerheit knytt til økonomi og løysingar for det nye VA-anlegget i Sysendalen som er planlagt. Tilbakemeldingane frå prosessmøte peikar på dette prosjektet som det viktigaste området for ein forvaltningsrevisjon i komande plan. Det er peika på fleire risikoforhold i samband med framtidige investeringsprosjekt på teknisk som kan inngå i ein eventuell forvaltningsrevisjon relatert til utbygginga i Sysendalen.

Prosessmøte peika på kommunen som tilretteleggar for næringsutvikling som eit område med middels risiko. Det er etterlyst betre samarbeid mellom næring, drift og forvaltning. (sjå elles kommentar i prosessmøte knytt til kultur og tverrfagleg samarbeid) I førre plan vart det også peika på tilgang på næringsareal, næringsbygg samt ressursar og kompetanse som risikoforhold. Konsekvensar for

samfunnet og brukarane kan vera at kommunen mister moglege etableringar og investeringar i arbeidsplassar. Kommunen sin rolle i næringsutvikling kan vera eit tema for forvaltningsrevisjon med utgangspunkt i dei moment som er peikt på av informantane samt informasjon i kostra-tabellen.

3.5.3 Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Risiko	Område	Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon	Andre risikoområder
Høg	Teknisk	Investeringsprosjekt – VA anlegg	
Middels	Teknisk	Kommunen sin rolle i næringsutvikling	

4 Gjennomførte forvaltningsrevisjonar og tilsyn

Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har utført følgjande forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar dei siste åra:

2019	Indre Hordaland Miljøverk (Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)
2017-2020	Bygging av ny sjukeheim (følgje byggeprosjekt over fleire år)
2016	Hardangerrådet IKS
2015	Offentlege innkjøp

Tilsyn

Fylkesmannen har utført følgjande tilsyn:

2019	Barnehagelova §19 g. Tilrettelagt tilbod til barn med nedsett funksjonsevne
2018	Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet

Lista er henta frå www.fylkesmannen.no.

Administrasjonen har opplyst at dei har gjennomført ekstern skulevurdering, informasjon ligg på www.hardangervosskompetanseregion.no.

Innan helse- og omsorg vart det opplyst at det har vore utført tilsyn av Arbeidstilsynet og Fylkesmannen utan at me har vorte kjent med innhaldet i desse tilsyna.

5 Oppsummering

Denne analysen er ikkje meint som ein analyse for å velja ut ferdige ”spissa prosjekt”. Me peikar på risiko og mogelege konsekvensar innan ulike område som eventuelt kan/bør undersøkjast vidare. Innanfor nokre av område som er omtalt i analysen er det andre kontrolltiltak som eignar seg betre enn tradisjonell forvaltningsrevisjon.

